



10-FAKTOR UNDERSØKINGA

KVA SKJER?

Me skal gjennomføre ein medarbeidarorientert medarbeidarundersøking

NÅR SKJER DET?

06. februar – 17. februar 2023

KORLEIS SKJER DET?

Invitasjonen vert sendt ut til din jobb e-post adresse. Undersøkinga vert gjennomført på internett og tek ca. 15.minutt, og du kan svare heime eller på arbeid. Det vert tilrettelagt på arbeidsplassen med pc og tid til gjennomføring. For spørsmål kontakt næraste leiar.

KVIFOR?

10-FAKTOR er eit verktøy som skal bidra til å utvikle arbeidsmiljøet vårt og kvaliteten på våre tenester. Målet er å utvikle arbeidsmiljøet vårt, og parallelt gje enda betre tenester til

KVA VERT MÅLT?

10-FAKTOR måler medarbeidarane si oppleving av viktige tilhøve på arbeidsplassen, og medarbeidaren sin haldning til eigen jobb.



OM UNDERSØKINGA

Forskningsbasert:

Undersøkinga byggjer på forskning om kva faktorar som er viktig for å ha eit godt arbeidsmiljø, og som medverkar til at me igjen leverer gode tenester til brukarane våre.

Fokusert og avgrensa:

Undersøkinga er avgrensa til 10 faktorar som er dokumentert å vere viktig for kvaliteten på tenesta og arbeidsmiljøet.

Utviklingsverktøy:

Undersøkinga er både medarbeidar- og leiingsorientert. Den fangar opp viktige faktorar for medarbeidar, gruppe, organisasjon og leiarnivå. Den skal danne grunnlag for utvikling av leiarar, medarbeidarar og organisasjonen.

ANONYMITET

Undersøkinga er anonym og godkjent av datatilsynet. Ingen har tilgang til enkeltsvar. Bakgrunnsinformasjon som kjønn, alder, utdanningsnivå osv. er berre mogleg å ta ut rapport på kommunenivå. Rapporten viser kor mange kvinner/menn osv. som har svart på undersøkinga, og det er ikkje mogleg å hente ut tilsvarande informasjon på einingsnivå- berre på kommunenivå. Det vert ikkje mogleg å ta ut rapport dersom avdelingar har færre enn 5 svar

KVA SKJER ETTERPÅ?

I løpet av mars/april vil din leiar presentera resultata for di avdeling. Leiar og tilsette i kvar avdeling kan saman påverke faktorane. De vel ut 2 faktorar som de ynskjer å jobbe vidare med: 1 som de vil vedlikehalda, og 1 de vil forbetre. Saman lagar de ein handlingsplan for å nå dykkar mål.

Leiarar presenterer handlingsplanen for si leiargruppe august/september 23. I løpet av oktober skal effekten av tiltaka vurderast gjennom analyse med tilsette.

DEI 10FAKTORANE

- 1. Indre motivasjon**
Motivasjon for oppgåva i seg sjølv.
- 2. Meistringstru**
Tiltru til seg sjølv og eigen evne til å meistre jobben.
- 3. Autonomi**
Opplevd tillit til å jobbe sjølvstendig.
- 4. Bruk av kompetanse**
Opplev å få relevante oppgåver og utfordringar i samsvar med eigen kompetanse.
- 5. Meistringsorientert leiing**
Leiing med vekt på å gjere medarbeidarane best mogleg ut frå sine føresetnader.
- 6. Rolleklarheit**
Medarbeidarane si rolle er godt definert og kommunisert.
- 7. Relevant kompetanseutvikling**
Høve til relevant kompetanseutvikling
- 8. Fleksibilitetsvilje**
Vilje til å vere fleksibel på jobb og måten å jobbe på.
- 9. Meistringsklima**
Kultur for å samarbeide, lære og gjere kvarandre gode.
- 10. Prososial motivasjon**
Ynskje om å gjere/vere til nytte for andre.